



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1235 - 18/32481

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

26.10.2018

Tilleggsinformasjon til KO-sak 83/18, 1. november 2018 - 2. gongs handsaming, områdeplan for Alversund, planid. 1263-200902

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 17. oktober 2018, sak 116/18 følgjande innstilling til Kommunestyret:

*«Plan- og miljøutvalet vedtek følgjande innstilling til Kommunestyret på vilkår av at motsegnet frå Hordaland fylkeskommune vert trekt:
I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek Kommunestyret områdeplan for Alversund, del av gnr 137 og 138, planid. 1263 – 200902.»*

Innstillinga var identisk med Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Administrasjonen ynskjer å gje følgjande presisering: Hordaland fylkeskommune har varsla motsegn. Det ligg ikkje føre eit formelt motsegn. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje skal trekke motsegnet. Det er tilstrekkeleg at dei stadfestar i brev at planen slik den ligg føre no ivaretek dei omsyna som låg til grunn for varselet til motsegn.

I brev av 25. oktober 2018 stadfestar Hordaland fylkeskommune at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, med vilkår om arkeologisk utgraving. Riksantikvaren ber om ei lita korrigering av føresegn §11.1.4 til:

«Føresegnområde vist med #5 i plankartet skal brukast ved utbygging som mellombels anleggsvei. Dei arkeologiske lokalitetane vist med #6, #7 og #8 langs anleggsvegen skal sikrast med byggeplassgjerde. Anleggsvegen skal tilbakeførast til opphaveleg stand eller fjernast i samsvar med regulert formål.»

Hordaland fylkeskommune ber om at denne korrigeringa vert lagt inn i føresegn 11.1.4. Dei andre omsyna som Hordaland fylkeskommune viser til i brev av 25. oktober 2018 er innarbeidd i planmaterialet som følgde PMU sak 116/18.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Korrigert framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vedtek Kommunestyret områdeplan for Alversund, del av gnr 137 og 138, planid. 1263 – 200902 med følgjande korrigerings:

Føresegn §11.1.4 vert endra til:

Føresegnområde vist med #5 i plankartet skal brukast ved utbygging som mellombels anleggsvei. Dei arkeologiske lokalitetane vist med #6, #7 og #8 langs anleggsvegen skal sikrast med byggeplassgjerd. Anleggsvegen skal tilbakeførast til opphavsleg stand eller fjernast i samsvar med regulert formål.

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.